

# Saksprotokoll

**Utvalg:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 25.04.2019  
**Sak:** 22/19

**Arkivsak:** 16/5034  
**Tittel:** Saksprotokoll - Områdeplan Campus Sogndal

## Handsaming:

Magne Bruland Selseng (Sp) opplyste at han har slektskap som bur innanfor området og bad om å få vurdert sin habilitet. Kommunestyret fann Magne Bruland Selseng (Sp) habil og Magne Bruland Selseng (Sp) tiltredde kommunestyret.

Bjarte Stedje (Sp) opplyste at far hans, som er grunneigar innanfor planområdet har gjeve innspel til planen, og bad om å få vurdert sin habilitet.

Ordførar rådde til at Bjarte Stedje (Sp) vart funne inhabil. Det var ulike vurdering av dette i kommunestyret og spørsmålet om habilitet vart røysta over.

Avrøystinga gav følgjande resultat:

7 røyster for at Bjarte Stedje (Sp) vart funnen habil 2 Frp, 2 H (AGF, GB), 2 V, 1 Sp (MBS)  
17 røysta for at Bjarte Stedje (Sp) vart funnen inhabil 8 Ap, 4 Sp (LK, BeS, IS, HB), 2 Sv, 2 H (EV, KV), 1 KrF.

Kommunestyret fann Bjarte Stedje (Sp) inhabil. Svein Jarle Slinde (Sp) møtte som vararepresentant.

Laura Kvamme (Sp) bad om gruppemøte.

Einar Vattlestad (H) la fram forslag om å utsetja planen.  
Framlegget om utsetjing fekk 8 røyster (2 FrP, 4 H, 2 V) og fall.

Bente Sønsthagen (Sp) la fram følgjande framlegg til endringar:  
Kommunestyret vedtek områdereguleringsplan Campus Sogndal, dagsett 05.04.2019, i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-2 og 12-12, med følgjande endringar:

- Ta ut BOP9, BBH2, BKS6 og BIA2 frå planen.
- Endre felt BBB2 og BS1 til BFS1. Utnytting vert sett til BYA 35%, maksimal mønehøgde kote 23 moh., maksimal gesimshøgde kote 21 moh, jf. notat dagsett 12.04.2019 frå rådmann.

## Nytt punkt 2:

Linjeføring og påkopling av SGS/SS frå BS2 og BS3 skal handsamast i detaljreguleringsplan for området. Det skal takast omsyn til eksisterande busetnad.

Magne Bruland Selseng (Sp) la fram følgjande framlegg:  
SGT2 Gatetun, skal fargast rosa.

Det vart røysta punktvis over desse framlegga. Avrøystinga av følgjande resultat:

**Samrøystes:**

Kommunestyret vedtek områdereguleringsplan Campus Sogndal, dagsett 05.04.2019, i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-2 og 12-12, med følgjande endringar:

- Ta ut BOP9, BBH2, BKS6 og BIA2 frå planen.  
Fekk 10 røyster (6 Sp, 2 V 2 H (AGF, GB)) og fall.

- Endre felt BBB2 og BS1 til BFS1. Utnytting vert sett til BYA 35%, maksimal mønehøgd kote 23 moh., maksimal gesimshøgd kote 21 moh, jf. notat dagsett 12.04.2019 frå rådmann.

Vart samrøystes vedteke.

**Nytt punkt 2:**

Linjeføring og påkopling av SGS/SS frå BS2 og BS3 skal handsamast i detaljreguleringsplan for området. Det skal takast omsyn til eksisterande busetnad.  
Vart vedteke med 24 røyster (ein i Ap (GV) stemde mot).

SGT2 Gatetun, skal fargast rosa.

Framlegget fekk 8 røyster (2 Sp (MBS, SAS), 2 V, 4 H) og fall.

**Vedtak:**

1.Kommunestyret vedtek områdereguleringsplan Campus Sogndal, dagsett 05.04.2019, i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-2 og 12-12 med følgjande endringar:

Endre felt BBB2 og BS1 til BFS1. Utnytting vert sett til BYA 35%, maksimal mønehøgd kote 23 moh., maksimal gesimshøgd kote 21 moh, jf. notat dagsett 12.04.2019 frå rådmann.

**Vedteke med 24 røyster (ein i Ap (GV) stemde mot).**

2.Linjeføring og påkopling av SGS/SS frå BS2 og BS3 skal handsamast i detaljreguleringsplan for området. Det skal takast omsyn til eksisterande busetnad.